

Referat frå møtet med tema:

## Kva for tilleggsformål kan vi knyte til Flaumvollen i Bismo?

Tid: Onsdag 18.10 23 kl 15.00-16.30

Stad: Kommunestyresalen

Desse møtte:

Marianne Stensgård, Bernt Dahl, Edel Kveen, Ingvill Mork, Inger Kirsten Stagrim, Kari Gjelbakken, Kari Anne Skjaak, Jo-André Sperstad Fjeld, Nina Kvalheim Kveum, Sigrun Eide, Turid Eiesar, Mogunn Synstnes,  
Nils Henry Fosstuen

---

### 1. Orientering

Marianne Stensgård frå Skjåk kommune kalla inn til eit arbeidsmøte der temaet var samrådigg om planar, ynskje og tiltak vi kan knyte til flaumvollen i Bismo.

Ho orienterte om at innkallinga vart sendt til ressurspersonar som kan representere fleire ulike brukargrupper. Gruppa kan gjerne utvidast. Målet er at det er viktig å lage ein felles plan rundt eventuelle tiltak, slik at evt. skilting, materialbruk, aktivitetar m.m. framstår heilskapleg.

### 2. Diktarsti

Sigrun Eide frå Vennelaget Jan-Magnus Bruheim orienterte om eitt av tiltaka. Vennelaget skal bidra med ein diktarsti med barnedikt av Jan-Magnus Bruheim på flaumvollen. Diktarstien vil bestå av 8-10 kvilebenkar med eit barnedikt på kvar benk. I denne planen ligg også to lyddusjar som ev. kan innehalde opplesing av eit dikt og/eller ein song med eit tonesett dikt. Vennelaget har inngått eit samarbeid med Haus for utforming av skilt m.m. Det er ynskjeleg å samarbeide med barnehagane og skulen. Vennelaget har oppmoda folk til å sende inn forslag til dikt via facebookside deira. Stigen har pr. i dag arbeidstittelen "Etter fotefar".

### 3. Oversiktskart

Bernt Dahl synte fram eit oversiktskart over stien. Stien skal etter planen vere ferdig i juli/august 2024. Oversiktskartet vil bli lagt ut på heimesida til Skjåk kommune. Det er ikkje planlagt toalettanlegg pr. i dag.

### 4. Fleire forslag kom fram under møtet

- Fiskeplass
- Bord og benkar til rasteplassar
- Snøfresar. Kan det vere aktuelt å søkje støtte til ein snøfresar? Kan det vere at nokon kan tenkje seg oppdraget med snøbrøyting? Skal vi ha snøbrøyting?
- Treningsapparat undervegs
- Blå tråd = elva
- Kritt-tavle. Bismo Vel ynskjer å setje opp ei stor kritt-tavle i området ved gapahuken. Her kan barn og vaksne få utfalde seg med teikning

- Zipline
- QR-kodar langs stien. Ein idé er at desse kan nyttast til ein quiz med t.d. spørsmål om Skjåk. Innahaldet i QR-kodane er lett å byte ut og kan gjerne ha andre tema som t.d. jul, påske, sommar, natur, historie.
- Smokketroll/smokketre. I bymarka i Trondheim eksisterer det eit populært "smokketroll" med eit gap! Dette blir nytta av dei som skal gjere seg ferdig med "smokketida". Kan det vere ein idé for Skjåk?
- Dagsturhytte og/eller badstue eller badstove. ("Basstursti"). Skjåk kommune har vedteke å setje opp ei dagsturhytte som skal vere tilgjengeleg for alle. Plasseringa er ikkje bestemt enno. Kan hytta ev. vere ved flaumvollen? Kan hytta ev. vere ei badstue? Kan det etablerast ei "badstugruppe"? Gruppa kan ev. ha ansvar for drifta.

## 5. Viktig å tenkje på

- Sjøppelkasser langs stien. Kven skal ev. ha ansvar for tømning? Nok med ei eller to?
- Det bør vere kort avstand mellom benkane - med tanke på dei som er bevegelsehemma
- Det bør vere fleire informasjonsskilt undervegs - med tanke på at også turistar kjem til å bruke stien
- Om ikkje alle planar blir realisert i løpet av sommaren 2024, kan tiltak på stigen vidareutviklast etter kvart

## 6. Informasjon

Det ligg allereie mykje informasjon på heimesida til Skjåk kommune om flaumvollen. Vi må informere meir etter kvart.

## 7. Finansiering og støtteordningar

Dei ulike tiltaka må finansierast. Vennelaget Bruheim er i gang med ein søknadsprosess. Dei har pr. i dag fått kr 50 000 frå Sparebankstiftelsen. Marianne undersøker litt om støtteordningar. Kom med innspel!

## 8. Brukarrådet og Eldrerådet

Brukarrådet og Eldrerådet skal inkluderast. Brukarrådet blir kalla inn til neste møte for Eldrerådet. Bernt og Marianne kan vere med og informere. Inger Helene Brandsar får i oppdrag med å koordinere dette.

## 9. Neste møte

Marianne kallar inn til eit nytt møte for denne gruppa like etter jul.

*Ref. Sigrun Eide  
19/10-23*